

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Marianne Aadland Sandvik	Gbnr-18/92, FA-L42	18/2307

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
03/2019	Klagenemda	PS	11.09.2019

GBNR 18/92 - Klage på avslag til søknad om opparbeiding av ny avkøyring - Sagstad

Vedlegg:

Søknad om ny avkjørsel til kommunal vei GBNR 18/92

E-postmelding - Søknad om ny avkjørsel til kommunal vei, gbnr 18/92, Sagstad

D-1_2892_A-100_Situasjonsplan

D-2_2892_A-105_Snuareal

E-1_2892_A-215_Snitt_Mur

E-2_2892_A-220_Detaljer_Mur

E-3_2892_A-315_Perspektiv

E-4_2892_A-320_Perspektiv

E-5_2892_A-230_Lengdeprofil_Avkjørsel

Uttale til søknad om ny avkjørsel GBNR 18/92

Uttale til søknad om ny avkjørsel GBNR 18/92

Avslag GBNR 18/92 - Søknad om avkjørsel

I-1 Søknad om ny avkjørsel - gnr 18 bnr 92 Meland

Søknad om etablering av ny avkjørsel til kommunal vei, GBNR 18/92

E-5_2892_A-230_Lengdeprofil_Avkjørsel

Søknad om etablering av ny avkjørsel

D-1_2892_A-100_Situasjonsplan

D-2_2892_A-105_Snuareal

E-1_2892_A-215_Snitt_Mur

E-2_2892_A-220_Detaljer_Mur

E-3_2892_A-315_Perspektiv

E-4_2892_A-320_Perspektiv

Avslag GBNR 1892 - Søknad om avkjørsel

Klage vedrørende avslag på søknad - GBNR 18/92

Følgeskriv

GBNR 18/92 – Klage på avslag for ny avkjørsel

Tilleggsinformasjon til sak 51/2019 UDU

Konsekvensutgreiing Kommuneplan arealdel Øvre Sagstad 4

Saksopplysningar:


Tiltak:

BNK Eigedom AS har søkt om løyve til etablering av ny avkøyring frå GBNR 18/92 til kommunal veg

Øvre Sagstad.



Utforming av avkøyringa er vist i kartutsnittet under:



Sakshistorikk:

BNK Eigedom AS, ved Helgesen Tekniske Bygg, søkte den 21.9.2018 om etablering av ny avkøyring frå GBNR 18/92 til kommunal veg Øvre Sagstad. Med ny avkøyring ønskjer tiltakshavar å legge til rette for utbygging av ein bygning på 702 m² bebygd areal (BYA). Før kommunen handsama søknaden vart den sendt til uttale til Statens vegvesen. Vegvesenet uttalte seg i saka. Sjå vedlegg, journalført motteke 31.10.2018.

Rådmannen av slo søknaden den 2.11.2018. BNK Eigedom ved Alvheim & Hansen Advokatfirma og Helgesen Tekniske Bygg søkte på ny den 26.3.2019 om etablering av avkøyring frå GBNR 18/92 til kommunal veg Øvre Sagstad. Det var ikkje gjort endringar i utforminga av den omsøkte avkøyringa, men søkjar hadde fleire merknadar til kommunen sitt avslag datert 2.11.2018.

Rådmannen av slo på nytt søknaden den 23.4.2019. BNK Eigedom ved Alvheim & Hansen Advokatfirma klaga på vedtaket den 14.5.2019.

Utval for drift og utvikling handsama klaga i møte den 11.6.2019, sak 51/2019. Utvalet fatta følgjande vedtak:

Utval for drift og utvikling tek ikkje klage frå BNK Eigedom ved Alvheim & Hansen Advokatfirma, datert 14.5.2019, til følgje. I medhald av veglova § 40 andre ledd vert det ikkje

gitt løyve til etablering av ny avkøyrse frå gbnr. 18/92.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering over.

Utval for drift og utvikling ser positivt på næringsutvikling, men vil råda søkjar til å sjå på betre løysingar for tiltaket.

Om innhaldet i klaga:

Klagar viser til konsekvensutgreiinga av område i kommuneplanen, og meiner at søknaden er i tråd med forutsetningane for konsekvensutgreiinga. Klagar påpeiker at sjølv om det er BNK Eigedom AS som er tiltakshavar, så er det i praksis Sagstad kassefebrikk sine behov som skal dekkast, og dette inneberer ingen endring frå det som låg til grunn i konsekvensutgreiinga.

Klagar meiner det er feil av kommunen og vurdere trafikkauke på bakgrunn av objektive forhold, dei meiner at vurderinga skal bero på dei faktiske forholda. Klagar meiner at utbygginga kun vil gje ei eventuell avgrensa auke i trafikken, og at denne allereie er vurdert i konsekvensutgreiinga.

Klagar viser til at avkøyrse slik den er planlagt vil leie trafikken vekk frå Fv 244 og skuleområde ved Sagstad skule. Dei meiner at ei auke av trafikken på kv 34 vil vere av mindre betydning.

Det vert vist til klaga i si heilskap.

Vurdering

På bakgrunn av klaga og opplysningane i saka elles, skal den kommunale klagenemnda, formannskapet, ta endeleg stilling til om det er grunnlag for å halde fast ved dei vurderingane som er gjort tidlegare i saka.

I saksframlegg til Utval for drift og utvikling sitt møte den 11.6.2019, sak 51/2019, gav rådmannen følgjande vurdering og grunngjeving:

Lov- og plangrunnlag:

Den aktuelle eigedomen er i kommuneplanen sin arealdel avsett til framtidig næring N_5 Sagstad. Område er unnateke plankrav. Når område ikkje har plankrav vert avkøyrsla behandla etter veglova § 40 andre ledd, som legg til grunn følgjande «*Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, (...) må (...) avkjørse frå kommunal veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå kommunen.*»

Sjølv om det ikkje er krav til regulering skal avkøyrse saken etter veglova byggje på ei tilsvarande brei vurdering som når avkøyrse regulering vert fastsatt etter plan- og bygningslova. Dette inneberer at avkøyrse må sjåast i samanheng med vegsystemet avkøyrse er ein del av, og kva konsekvenser avkøyrse vil gje for trafikktryggleik og framkomelegheit på det tilknytta vegnettet.

Konkret vurdering av klaga:

Klagar meiner at kommunen allereie har vurdert avkøyrse situasjonen ved rullering av kommuneplanen. Dei viser til at område er unnateke plankrav og at kommunen har

kommentert tilknytning til gjeldande infrastruktur for område i konsekvensutgreiinga i kommuneplanen. Søkjar meiner at det ikkje ligg føre endringar i dei faktiske forholda som gjer at tilknytning til infrastruktur må vurderast på ny. Spesifikt presiserar dei i klaga at sjølv om det er BNK Eiendom som no er tiltakshavar, så er det i praksis Sagstad kassefabrikk som har behov for avkøyrsla. Det var Sagstad kassefabrikk som i si tid kom med innspel til kommuneplanen.

Rådmannen er ikkje einig i at avkøyrslssøknaden allereie er behandla i kommuneplanen. Kommuneplanen og kommuneplanen sin konsekvensutgreiing er overordna. Vi kan ikkje sjå at den planlagte utvidinga med eit nytt næringsbygg på 702 m2 BYA over to etasjer vart vurdert i konsekvensutgreiinga, uavhengig om det er BNK eigedom eller Sagstad kassefabrikk som formelt sett er tiltakshavar.

Til samanlikning viser vi til at kommuneplanen blant anna opnar for spreidd utbygging av bustadar fleire stadar i kommunen, utan regulering. Avkøyringa frå desse områda har heller ikkje vore vurdert i kommuneplanen, noko som inneber at ein må ta stilling til spørsmålet om ein kan opne for utvida bruk av eksisterande avkøyring, eller til opparbeiding av ny avkøyring, i kvar enkelt sak.


Klagar meiner at kommunen ikkje kan vurdere trafikkauka basert objektive premisser, men at det skal vurderast basert dei faktiske forholda. Klagar skriver vidare: *«Den eventuelle begrensede økning i trafikken som muligens vil finne sted er vurdert ved konsekvensutredningen gjort i tilknytning til kommuneplanens arealdel»*. Og: *«Det har ikke funnet sted trafikale endringer siden konsekvensutredningen ble gjort.»*

Viss avkøyringa ikkje var tenkt å legge til rette for utbygging av eit nytt næringsbygg på 702 m2 BYA, er rådmannen einig med klagar i at ein må legge til grunn eksisterande bruk av eigedomen, under føresetnad av at bruken av eigedomen ikkje allereie er auka.

I dette tilfellet ønskjer tiltakshavar å legge til rette for å bygge eit nytt næringsbygg. I den samanheng viser vi til at kommuneplanen set minstekrav til 1 parkeringsplass pr. 50 m2 bruksareal for utbygging som inneheld kontor og pr. 100 m2 for utbygging som inneheld industri/verkstad. Desse krava må stettast ved tenkt utbygging, og utbygginga legg dermed objektivt sett opp til ei auka bruk av eigedomen. Desse faktiske tilhøva var ikkje avklart i kommuneplanen, og kommunen kunne dermed ikkje vurdert dette i konsekvensutgreiinga slik klagar meiner at kommunen pliktar å gjere.

Rådmannen meiner difor at kommunen må ta omsyn til at ei utbygging av denne storleiken objektivt sett legg til rette for ei auka bruk av eigedomen, og viser i den samanheng til at bruken av eigedomen allereie har endra seg ved at fleire bedrifter enn tidlegare har etablert seg på eigedomen. Det er dermed ikkje riktig slik klagar skriv at det ikkje har vore trafikale endringar sidan konsekvensutgreiinga.

Klagar ønskjer med den nye avkøyrsla og leie trafikk vekk frå fv 244 og inn på kv 34. Dette fordi svingradiusen mot fv. 244 er for knapp.



Eksisterande avkøyrse/køyremønster vist i blått. Ny avkøyrse/ køyremønster vist i raudt.

Rådmannen vurderar at sjølv om ei endra avkøyrse isolert sett kan sjå ut til å vere fordelaktig, så skapar omlegginga nye trafikale utfordringar. Hovudproblemet med å leie meir trafikk til denne avkøyrseleien er at det er svært dårleg sikt mot høgre. Ei vidare belastning av dette krysset vil difor være svært uheldig med omsyn til trafikktryggleiken. Vidare er kv. 34 Sagstad ein smal veg utan veglys som ikkje er eigna for meir trafikk. Kv. 34 Sagstad er også skuleveg for elevar som kjem frå Dalemarka og Dalstø område. Vi viser igjen til Forskrift om retningslinjer for behandling av avkøyrselesaker, F26.02.1982 nr. 3791, som legg til grunn at det i slike saker som dette skal takast omsyn til trafikktryggleik, transportfunksjon og vedlikehald av vegen.

Folkehelse – God trafikktryggleik er viktig for folkehelsa

Miljø – Ikkje relevant

Økonomi – Ikkje relevant

Framlegg til vedtak og opplysningar om klagenemnda, formannskapet, si handsaming:

På bakgrunn av det ovannemnde tok ikkje Utval for drift og utvikling klage frå BNK Eigedom AS v/Alvheim & Hansen Advokatfirma AS til følgje.

Den kommunale klagenemnda skal ta endeleg stilling til klaga.

Viss klagenemnda følgjer Utval for drift og utvikling sitt vedtak frå møte den 11.6.2019, sak 51/2019, og ikkje tek klaga til følgje, er saka endeleg avgjort.

Viss klagenemnda tek klaga til følgje, og gir løyve til etablering av ny avkøyrse, meiner rådmannen at det må stillast vilkår om at eksisterande avkøyrseleien vert stengd. Dette vil vere eit nytt enkeltvedtak som kan klagast på, jf. forvaltningslova (fvl) § 28. Vedtaket skal då sendast til Statens vegvesen for at dei skal vurdere om dei vil nytte klageretten sin. Ein eventuell klage skal stilast til Meland kommune, som vidare sender den til den kommunale klagenemnda for endeleg avgjerd etter vedtak i Utval for drift og utvikling.

Framlegg til vedtak:

«Den kommunale klagenemnda tek ikkje klage frå BNK Eigedom AS, ved Alvheim & Hansen Advokatfirma, datert 14.5.2019, til følgje. I medhald av veglova § 40 andre ledd vert det ikkje gitt

løyve til etablering av ny avkøyrse frå gbnr. 18/92.

Klaga er endeleg avgjort.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering over.»

Klagenemnda - 03/2019

KLN - behandling:

Silje Ingelin Sæterstøl var ikkje til stades ved handsaming av saka.

Framlegg til vedtak i møtet:

Klagen blir tatt til følgje. Klagenemnda viser til konsekvensutgreiing for KPA Meland kommune, datert 12.03.2015 der tiltaket blir vurdert.

Det må setjast i verk tiltak for å betra trafikktryggleiken i området, i samråd med Statens Vegvesen, før tiltaket kan startast opp.

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 0 røyster for, 5 røyster mot, og fall.

Fellesframlegget i møtet vart samrøystes vedteke.

KLN - vedtak:

Klagen blir tatt til følgje. Klagenemnda viser til konsekvensutgreiing for KPA Meland kommune, datert 12.03.2015 der tiltaket blir vurdert.

Det må setjast i verk tiltak for å betra trafikktryggleiken i området, i samråd med Statens Vegvesen, før tiltaket kan startast opp.